

Mal for formidling av emnepakkar ved HF, UIB

(malen skal gi ein peikepinn på kva informasjon fagmiljø må utarbeide for emnepakkar. Det er særleg punktet namn på emnepallen, om emnepakken og emne i emnepakken som fagmiljø må skrive. Resten kan administrasjonen bidra med. Ved spørsmål/kommentarar, ta gjerne kontakt med hanne.misje@uib.no)

Alle bachelorgrader ved HF skal ha tilrådde emnepakkar. Føremålet med emnepakken er å rettleie studentar i val av frie studiepoeng, og synleggjere nyttige emnekombinasjonar som kan støtte eller spisse spesialiseringa. Emnepakkane kan tene som ei utdjuping av spesialiseringa, den kan vere særleg arbeidsrelevant og innehalde praksisemne eller den kan gje studentane ein tematisk kompetanse, områdekunnskap eller anna som kan tydeleggjere heilskapen og relevansen i bachelorgraden.

Emnepakkar vil vere valbare for studentar i StudentWeb, og informasjon om emnepakkane vil bli lagt på uib.no. Slik vil emnepakkane bli ein synleg del av studentane sitt grunnlag for å velje program, samstundes som dei vil gje studentane hjelp undervegs til å sjå korleis dei sjølve kan forme bachelorgraden innanfor trygge rammer.

Emnepakkar er valfrie for studentane, og studentar står heilt fritt i bruken av frie studiepoeng. Frie studiepoeng kan, i ny struktur, fyllast av anten ein eller to emnepakkar, fritt samansette emne tilsvarande 60 studiepoeng eller ei årseining (for undervisningskompetanse).

Informasjonen knytt til emnepakkar skal vere så lik som råd ved HF. Under følgjer mal med døme på kva som bør stå om ein emnepakke.

Tittel	Tekst	Rettleiing
Namn på emnepakken		Ein emnepakke skal ha eit beskrivande namn.
Om emnepakken		Heilskapen i emnepakken må synleggjerast: • Kva handlar denne emnepakken om? • Kva lærer studentane? • Kvifor er akkurat desse emna sett saman og kvifor er dei ein god kombinasjon?
Emne i emnepakken		Oversikt over emna i emnepakken, og om emna er obligatoriske eller valfrie. Emnekode og emnenamn.
Gjennomføring og oppbygging		Der relevant, t.d.: • Er emna undervist i blokk? • Er det progresjonskrav i emna? • Rekkefølge på emna
Undervisningssemester	[Vår/haust.] [Emnepakken går over både vår og haustsemesteret.]	
Tilrådde forkunnskapar		Dersom emna i emnepakken har tilrådingar knytt til forkunnskapar, skriv det her. Relevant informasjon: om emna blir undervist på andre språk enn norsk/engelsk.
Kontaktinformasjon	[studieveileder.institutt@uib.no]	E-postadressa til studieadministrasjonen ved instituttet